



Utval:	Helse- og omsorgsutval
Møtestad:	Midsund Omsorgsenter
Dato:	26.08.2016
Tid:	09:00


Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/11	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/12	Kommunalt løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk	2016/115
PS 16/13	Kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk	2016/115

Midsund 26.08.16

Lars Joar Hagseth
Leiar


Malvin Gjendem Bjørnerem
Utvalsekretær

PS 16/11 Godkjenning av protokoll

Referatsaker



Utval:	Helse- og omsorgsutval
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgsenter
Dato:	03.06.2016
Tid:	09:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Lars Joar Hagseth	LEDER	AP
Oline Dyrseth Blø	MEDL	AP
Liv Sissel Fanum	MEDL	SP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Eli Linda Nesje	NESTL	KRF
Svein Misund	MEDL	V

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Petter Ræstad		

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Leif Arne Lagesen	Einingsleiar helse og omsorg
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Lars Joar Hagseth

Oline Blø

Liv Sissel Fanum

Petter Ræstad

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/6	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/7	Søknad om skjenkeløyve for enkeltarrangementer - Midsund Marina	2016/202
PS 16/8	Søknad om skjenkeløyve - Midsundfestivalen 2016	2016/266
PS 16/9	Søknad om utvida skjenketid for alkoholserving for enkelt arrangement - Ne'ste	2016/273
PS 16/10	Handlingsplan Rus- og psykisk helse 2016-2019	2016/255

Det vart halde møte i Helse- og omsorgsutvalet den 03.06.16 ved Midsund omsorgsenter.
Møtet vart leia av Lars Joar Hagseth.
Møtet tok til kl 09:05.
Det var 4 voterande og utvalet var vedtaksfør.

Referatsaker:

Økonomisjef Arild Sjøvik la fram Tertialrapport for 1. tertial 2016.
Einingsleiar Leif Arne Lagesen gav ei djupare utgreiing om helse og omsorgsektoren.

Leif Arne Lagesen informerte om følgjande:

- Legevaktordninga.
- Det er søkt om midlar til 2 prosjekt:
 - Psyksik helse i skulen
 - Midler til ammeveiledning
- Gjennomføring av Ungdata våren 2016.
- Gjennomgang av fråvær

Leif Arne Lagesen informerte om bakgrunn for tala som ligg til grunn i kommunebarometert og utvalet ønskjer å ta dette opp med kommunestyret.

PS 16/6 Godkjenning av protokoll

Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 03.06.2016

Protokoll frå møte i Helse- og omsorgsutvalet den 15.04.16 vert godkjent.

PS 16/7 Søknad om skjenkeløyve for enkeltarrangementer - Midsund Marina

Forslag til vedtak:

Midsund Marina får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføring av følgjande to arrangement: 25.06.16 – 26.06.16 og 06.08.16 – 07.08.16, forutsett godkjenning frå Lensmannen.

Løyvehavar:	Midsund Marina
Skjenkestad:	Avsperra område i Midsund Marina sitt servicebygg G.nr 48 br.nr 108, båthamna i Midsund sentrum.
Styrar:	Jarle Sanden, f. 26.11.60
Nestansvarleg:	Leiv-Magne Ugelvik, f. 07.03.57
Alkoholvare:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol
Type løyve:	Løyve for ei bestemt anledning jf § 1-6, 2. ledd i Alkohollova
Løyveperiode:	25.06.16 – 26.06.16 og 06.08.16 – 07.08.16
Skjenkeareal:	I Midsund Marina sitt servicebygg på båthamna i Midsund sentrum.
Skjenketid:	25.06.16 – 26.06.16 kl 18:00 – kl 02:00 06.08.16 - 07.08.16 kl 18:00 – kl 02:00
Sluttid:	Kl 03.00. Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 min etter at skjenketida har gått ut.
Løyvegebyr:	Midsund kommune fastset løyvegebyr, jf Alkohollova § 7-1, 2. ledd. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen
Vilkår:	* Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.

Behandling i Helse- og omsorgsutval - 03.06.2016

Lars Joar Hagseth vart kjent inhabil i saka.

Oline Dyrseth Blø leia møtet.

Det var 3 voterande og utvalet var vedtaksfør.

Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 03.06.2016

Midsund Marina får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføring av følgjande to arrangement: 25.06.16 – 26.06.16 og 06.08.16 – 07.08.16, forutsett godkjenning frå Lensmannen.

Løyvehavar:	Midsund Marina
Skjenkestad:	Avsperra område i Midsund Marina sitt servicebygg G.nr 48 br.nr 108, båthamna i Midsund sentrum.
Styrar:	Jarle Sanden, f. 26.11.60
Nestansvarleg:	Leiv-Magne Ugelvik, f. 07.03.57
Alkoholvare:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol
Type løyve:	Løyve for ei bestemt anledning jf § 1-6, 2. ledd i Alkohollova
Løyveperiode:	25.06.16 – 26.06.16 og 06.08.16 – 07.08.16
Skjenkeareal:	I Midsund Marina sitt servicebygg på båthamna i Midsund sentrum.
Skjenketid:	25.06.16 – 26.06.16 kl 18:00 – kl 02:00 06.08.16 - 07.08.16 kl 18:00 – kl 02:00
Sluttid:	Kl 03.00. Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 min etter at skjenketida har gått ut.
Løyvegebyr:	Midsund kommune fastset løyvegebyr, jf Alkohollova § 7-1, 2. ledd. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen
Vilkår:	* Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.

Lars Joar Hagseth slutta seg til utvalet etter at saka var handsama.

PS 16/8 Søknad om skjenkeløyve - Midsundfestivalen 2016

Forslag til vedtak:

Midsundfestivalen får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføring av arrangementet Midsundfestivalen i tidsrommet 14.-17.juli 2016.

Løyvehavar:	Midsundfestivalen
Skjenkestad:	Uteområdet ved Midsund Servicesenter
Styrar:	Lars Jarle Jensen f. 02.04.67
Nestansvarleg:	Gunnar Kvalsund f. 01.08.54
Alkoholvare:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol.
Type løyve:	Løyve for ei bestemt anledning, jf. § 1-6, 2. ledd i Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkhl.)
Løyveperiode:	14.07.16-17.07.16.
Skjenketid:	Torsdag 14.07.16: 12.00-02.00 Fredag 15.07.16: 12.00-02.00 Laurdag 16.07.16: 12.00-02.00 Søndag 17.07.16: 12.00-18.00
Skjenkeareal:	I den tida festivalområdet ikkje er avsperra skal all servering/skjenking finne stad i telt. Når festivalområdet, dette inkluderer også opphaldsrom for artistane, blir stengt, gjeld skjenkeløyve heile området slik det er vist på vedlagt kart.
Løyvegebyr:	Midsund kommune fastset løyvegebyr, jf. alkhl § 7-1, 2. ledd. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen.
Vilkår:	Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.

Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 03.06.2016

Midsundfestivalen får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføring av arrangementet Midsundfestivalen i tidsrommet 14.-17.juli 2016.

Løyvehavar:	Midsundfestivalen
Skjenkestad:	Uteområdet ved Midsund Servicesenter
Styrar:	Lars Jarle Jensen f. 02.04.67
Nestansvarleg:	Gunnar Kvalsund f. 01.08.54
Alkoholvare:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol.
Type løyve:	Løyve for ei bestemt anledning, jf. § 1-6, 2. ledd i Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkhl.)
Løyveperiode:	14.07.16-17.07.16.
Skjenketid:	Torsdag 14.07.16: 12.00-02.00 Fredag 15.07.16: 12.00-02.00 Laurdag 16.07.16: 12.00-02.00 Søndag 17.07.16: 12.00-18.00
Skjenkeareal:	I den tida festivalområdet ikkje er avsperra skal all servering/skjenking finne stad i telt. Når festivalområdet, dette inkluderer også opphaldsrom for artistane, blir stengt, gjeld skjenkeløyve heile området slik det er vist på vedlagt kart.
Løyvegebyr:	Midsund kommune fastset løyvegebyr, jf. alkhl § 7-1, 2. ledd. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen.
Vilkår:	Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.

PS 16/9 Søknad om utvida skjenketid for alkoholverving for enkelt arrangement - Ne'ste

Forslag til vedtak:

Ne'ste AS får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk – gruppe 1 og 2 på Ne'ste sitt klart avgrensa uteområde:

Fredag 15.07.16: 12.00-02.00

Laurdag 16.07.16: 12.00-02.00

Søndag 17.07.16: 12.00-01.00

Ne'ste AS får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk – gruppe 1 og 2 frå kl 12.00 til kl. 02.00

Fredag 15.07, laurdag 16.07 og søndag 17.07 inne i Ne'ste sitt lokale. På klart avgrensa uteområde frå kl 12.00 til kl. 02.00 alle vekedagar – gruppe 1 og 2.

Korleis Ne'ste ev skal kunne nytte fellesområdet ved Midsund Servicesenter under festivaldagane må Ne'ste AS ta opp med Midsundfestivalen.

Behandling i Helse- og omsorgsutval - 03.06.2016

Forslag om å gje løyve til skjenking på torsdag den 14.07.16 frå kl 12:00 til 02:00, tilsvarande søknad frå Midsundfestivalen.

Samrøysets vedtak i Helse- og omsorgsutval - 03.06.2016

Ne'ste AS får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk – gruppe 1 og 2 på Ne'ste sitt klart avgrensa uteområde:

Torsdag 14.07.16: 12.00-02.00

Fredag 15.07.16: 12.00-02.00

Laurdag 16.07.16: 12.00-02.00

Søndag 17.07.16: 12.00-01.00

Ne'ste AS får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk – gruppe 1 og 2 frå kl 12.00 til kl. 02.00

Fredag 15.07, laurdag 16.07 og søndag 17.07 inne i Ne'ste sitt lokale. På klart avgrensa uteområde frå kl 12.00 til kl. 02.00 alle vekedagar – gruppe 1 og 2.

Korleis Ne'ste ev skal kunne nytte fellesområdet ved Midsund Servicesenter under festivaldagane må Ne'ste AS ta opp med Midsundfestivalen.

PS 16/10 Handlingsplan Rus- og psykisk helse 2016-2019

Behandling i Helse- og omsorgsutval - 03.06.2016

Helse- og omsorgsutvalet har følgjande kommentarar til plana:

Pkt 3.1 Mål, siste pkt:

”Midsund kommune skal arbeide med førebyggjande og haldningsskapande arbeid i samarbeid med foreldre, barn/ unge, lag og organisasjonar, med auka fokus på mobbing og nettvett.”

Reglement for løyve til sal- og skjenking av alkoholhaldig drikk 2016-2019:

”4.1 Skjenketider:

- Varegruppe 1, 2 og 3 skal vere avgrensa til mellom kl 12.00 og kl 02.00 alle vekedagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast, etter søknad.
- Avgrensa uteområde utanfor skjenkestaden frå kl 12.00 til kl 02.00 alle vekedagar for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2.”

Fjerne kulepunkt 3.

Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 03.06.2016

Handlingsplan for Rus- og psykisk helse 2016-2019 vert godkjent, med kommentarar.

Møtet vart heva kl 11:50.



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2016/115-2
Arkiv: 144
Saksbeh: Astrid Abelseth
Dato: 22.08.2016

Saksframlegg

Kommunalt løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/12	Helse- og omsorgsutval	26.08.2016
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

- Kommunalt løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk skal gjelde vidare for ein ny periode på inntil fire år med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer, jf. Alkohollova § 1-6, 3. og 4 ledd.
- Midsund Kro AS, Nøste AS og R. Heggdal AS (Heggdal Fjord- og Fiskeferie) får innvilga kommunalt løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk for ein ny periode med opphøyr 30. september 2020.

Saksutgreiing:

Midsund Kro AS, KS 12/40, Nøste AS, KS 12/41, Heggdal Fjord- og Fiskeferie, KS 12/42 har i dag skjenkeløyve etter Alkohollova §§ 1-4a, 1-4 b, 1-7a-c, 4-2, 4-3 og 4-4.

Løyveperiode er normalt 4 år, og med opphøyr seinast 30 september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Det er gjort endringar i alkohollova § 1-6 som inneber at kommunale sals- og skjenkeløyve ikkje må opphøyre etter fire år, som i dag. Det er innført ein unntaksregel som gjev kommunen muligheit til, etter eit kommuneval, å vedta at alle eller enkelte løyver kan vidareførast i inntil fire nye år utan krav om søknad om nytt løyve. Alkohollova § 1-6, 3. ledd. Ein føresetnad for å fatte slikt vedtak, er at kommunen har ein gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen etter kommunevalet.

Handlingsplan for Rus- og psykisk helse 2016-2019 med reglement for løyve til sal- og skjenking av alkoholhaldig drikk vart samrøystes vedteke i KS 16/53.

Nordfjeldske Kontroll AS utfører sals-, skjenke- og røykekontrollar for Midsund kommune 4 gonger pr år. Det er ikkje rapportert om alvorlege brot på alkohollova ved nokon av skjenkestadane.

Vurdering:

Rådmannen tilrår at Midsund Kro AS, Næste AS og R. Heggdal AS (Heggdal Fjord- og Fiskeferie) får innvilga kommunalt løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk for ein ny periode med opphøyr 30. september 2020.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Astrid Abelseth
Rådgjevar

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Midsund Kro AS
Næste AS
R. Heggdal AS
Lensmannen i Sund
Nordfjeldske Kontroll AS



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2016/115-3
Arkiv: 144
Saksbeh: Astrid Abelseth
Dato: 22.08.2016

Saksframlegg

Kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/13	Helse- og omsorgsutval	26.08.2016
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

- Kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk skal gjelde vidare for ein ny periode på inntil fire år med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer, jf. Alkohollova § 1-6, 3. og 4 ledd.
- Spar Midsund og Coop Midsund får innvilga kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk for ein ny periode med opphøyr 30. september 2020.

Saksutgreiing:

Coop Midsund, KS 12/39, og Spar Midsund, Kelio Dagligvare AS, KS 14/41, har i dag salsløyve etter Alkohollova §§ 1-6, 1-7, 1-7a-c, 3-1, 2. ledd og 3-7.

Løyveperiode er normalt 4 år, og med opphøyr seinast 30 september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Det er gjort endringar i alkohollova § 1-6 som inneber at kommunale sals- og skjenkeløyve ikkje må opphøyre etter fire år, som i dag. Det er innført ein unntaksregel som gjev kommunen muligheit til, etter eit kommuneval, å vedta at alle eller enkelte løyver kan vidareførast i inntil fire nye år utan krav om søknad om nytt løyve, Alkohollova § 1-6, 3. ledd. Ein føresetnad for å fatte slikt vedtak, er at kommunen har ein gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen etter kommunevalet.

Handlingsplan for Rus- og psykisk helse 2016-2019 med reglement for løyve til sal- og skjenking av alkoholhaldig drikk vart samrøystes vedteke i KS 16/53.

Nordfjeldske Kontroll AS utfører sals-, skjenke- og røykekontrollar for Midsund kommune 4 gonger pr år. Det er ikkje rapportert om alvorlege brot på alkohollova ved nokon av salsstadane.

Vurdering:

Rådmannen tilrår at Spar Midsund og Coop Midsund får innvilga kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk for ein ny periode med opphøyr 30. september 2020.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Astrid Abelseth
Rådgjevar

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Coop Midsund
Spar Midsund, Kelio Dagligvare AS
Lensmannen i Sund
Nordfjeldske Kontroll AS